

BRUBYGGJAREN


Kyrkjeblad for Eidfjord og Ulvik

Nr. 2 2021



Juni 2021

Årgang 63



Klokt og nyttig

**Noen ganger kan litt alenetid i
vakkre omgivelser være den
beste terapien for sjelen.**

God sommar!

- Bruk dagane til ro og ettertanke i ei vanskeleg og usikker tid

ULVIK OG EIDFJORD SOKN

ULVIK KYRKJEKONTOR:

Ulvik kyrkjelydssenter, Storøyeni 6, 5730 Ulvik

Dagleg leiar/kyrkjeveerje:

Willemina van Manen
Tlf. 56 52 68 00 / 913 42 917
kyrkjeveerje@ulvik.kyrkja.no

Organist:

Edyta Bryk ebryk@interia.pl
Tlf.: 967 42 927

Barne- og ungdomsarbeidar:

Jorunn Berge Aarvik
Tlf. 452 28 287 / tiljorunn@gmail.com
Søndagsskolen: Linda Van Moere 943 85 859

Kyrkjetenar: Jan Arvid Gjørn, tlf. 954 69 903

Soknerådsleiar: Knut Nes, tlf. 976 68 025

EIDFJORD KYRKJEKONTOR:

Postboks 23, 5786 Eidfjord. Telefon: 53 66 52 51

Kyrkjeveerje:

Irene Vivali, irene@eidfjordkyrkje.no

Organist: Kris Ulita, kris@eidfjordkyrkje.no

Kyrkjetenar:

Christian Bouvain, christian@eidfjordkyrkje.no

Barne- og ungdomsarbeidar

Manuela Bjotveit, manuela@eidfjordkyrkje.no

Sekretær:

Tone F. Nesheim, tone@eidfjordkyrkje.no

Soknerådsleiar:

Kari Tveit Hovland, Tlf. 970 62 477

SOKNEPRESTAR:

Eidfjord:

Johannes Pettersen, 53 66 52 51 / 913 40 828
johannes@eidfjordkyrkje.no

Ulvik:

Magnar Haaland, Tlf. 415 46 366 / mh977@kyrkja.no

Eller kontakt:

Voss kyrkjekontor – prosten
Telefon: 56 52 38 80

REDAKSJON FOR KYRKJEBLADET:

Kyrkjeveerje Irene Vivali, Wilma Bergman og
Kjersti Næsheim. Kyrkjeveerje Willemina van Manen,
Knut Nes og Stein-Arnold Hevrøy.

Redaktør:

Steinar I. Berge, tlf. 908 41 077
steinar.berge@ulvik.org

KONTONUMMER: 3626 26 78029

VIPPS: 661653

Bladpengar	kr 200,-
Utanbygds	kr 300,-
Utanlands	kr 400,-

Sokneråda takkar for alle innbetalingar og gåver til kyrkjebladet.

Takk til alle gode støttespelarar i Eidfjord og Ulvik!

ANDAKT

EI TID MED ENDRING

Av og til så veit eg ikkje kva eg skal skrive om. Det er så mange lause tankar, men alt vert berre svevande langt der oppe/borte og eg ser dei berre glimtvis. Som alltid har eg mykje på hjartet, men kva skal eg velje.

Skal eg byrje med Korona og pandemi? Det opplevest som om det meste er sagt og eg har lite å kome med. Her er det berre å nemne stikkord som: handvask, spriting av hender, munnbind, sosial avstand og einsemd og isolasjon. Ting som for eit godt år sidan var heilt framande for oss er no ein del av kvardagen.

Kva meir kan ein stakkar seie om dette? Ikkje anna enn det er berre å stå på. Vonleg vil det ikkje om så lenge vere litt meir attende til ein slags normal. Eg trur at ein del ting har endra seg i løpet av pandemien, eg veit ikkje heilt kva. Ein ting eg meiner har endra seg litt i denne tida vi har vore opptekne av sosial avstand og smittevern, er at det kan sjå ut som om det er færre som går til kyrkje enn det var før pandemien. Det er nok litt tidleg å konkludere heilt på dette enno, men det kan sjå ut som om menneske endå meir enn før må ha ein spesiell grunn for å trække over terskelen og inn i kyrkja. Eg vonar at vi om ikkje så lenge kan samlast att utan å vere redd for sjukdom. Så vonar eg at folk i løpet av denne ned stenginga ikkje er heilt avvendt med å gå til gudsteneste. Det er noko vi alle treng. Å samlast med Gud og kvarandre, slik at vi kan tene Gud og han oss.

Undersøkinga syner at mange kjenner på einsemd og isolasjon, og psykisk helse er komen meir på dagsorden. Det er ein god ting at det er vorte meir tillate å innrømme at ein slit med psyken. Dei fleste av oss vil i større og mindre grad slite med dette gjennom ulike periodar av livet. I den grad vi tør og har høve til det bør vi oppsøke dei vi tenkjer sit åleine. Så må vi hugse at ein kan vere einsam i ei mengde. Det er ikkje alltid talet menneske kring ein seier noko om kor einsamt eit menneske kjenner seg. Så la oss ver litt vakne for det

Vi treng alle ein fellesskap, då kan det vere godt å lytte til orda som står i Hebrearbreve 13,8: «Jesus Kristus er i går og i dag den same, ja, til evig tid». Sjølv midt i ein pandemi med restriksjonar på mange kantar er det det ein som trygg faktor i liva våre. Jesus er den same. Det finnest ei kraft i å søkje han anten åleine eller i fellesskap med andre. Midt i alt det som endrar seg fort og kan kjennast utrygt, er Jesu eit trygt og fast haldepunkt. Hald fast ved han og den kristne fellesskapen.



Magnar prest. (Arkivfoto)

NB! Folk som er merksame, har spurt om kyrkjebladet har endra banknummer? Det stemmer! Både banknummeret og vippsnummeret er nytt. Dette er for å halda ulike rekneskap frå kvarandre. Det nye nummeret stod på blanketten, men dersom du har betalt på gammalt nummer, så kjem pengane fram. Takk!

SØNDAGEN

– KVILEDAG OG EIN DAG TIL ETTERTANKE?

Gamle folk synest stundom at alt var betre før. Men nesten ingenting var betre før!

Me hadde mindre av det meste, og ikkje minst mindre tid til å gjera det me hadd lyst til, såkalla fritid. Det har vore ei så stor utvikling at ho no tek til å truga framtida vår. Livet er vorte annleis på mange felt, og kanskje noko har gått tapt på kostnad av velstanden? Arbeid og andre gjeremål er vortne lettare og tilboda fleire. Ein skal ikkje så langt tilbake før det var slik at folk sleit seg ut på hardt fysisk arbeid, slik at søndagen var ein nødvendig dag for restitusjon, ein nødvendig kviledag. I kyrkjeleg samanheng var kviledagen heilag, og mange gjekk til kyrkje. Då eg vaks opp på ein gard, var det søndagsfred. Han far tok sjeget og arbeidskledda av som eit signal på helg og arbeidsfred. Det einaste som kunne uroa helgefreden, var turhøyning! Fare for regn eller tordenvêr som truga, gjorde høyberginga nødvendig. Ein hadde ingenting å missa med tanke på ein ny vinter. Søndagsfred er ein verdi eg har teke med meg, sjølv om eg ikkje har vore noko godt føredøme for eit skikkeleg liv. Kanskje det berre er latskap, men jamvel då eg bygde hus og det optok alle tankar, tok eg fri på søndagar!

Mangel på tid i gamle dagar skuldast tidkrevjande arbeid. I dag opplever folk mangel på tid fordi det er så mange tilbod, så mange ting å velja mellom; fjernsyn, datamaskin, mobiltelefon, nettbrett og andre fritidstilbod. Tid er vorte eit knapt gode. Det som lir under dette, er tida ein burde ha til kontakt med andre og til ettertanke. Dei som særleg er skadelidande under dette, er borna. Foreldra er opptekne med sine aktivitetar, og borna er på sine. Fellesskapen som eksisterte på ein gard der alle måtte hjelpe til, er borte. Kvar er i si boble, og snakkar du til nokon, er svaret Hæ? Folk sit mykje i ro, og kviledagen er vorten til aktivitetsdag. I eldre tid gjekk eller sprang folk, fordi dei måtte flytta seg. I dag må folk gå for helsa og mosjonen sin del. «Dei går, men skal ingen stad», var det ein som sa.

Tid til ettertanke er viktig for den psykiske helsa, såkalla mentalhygiene. Moderne menneske får vanskar dersom det vert stilt. Men utan litt ro og ettertanke kan ein få andre vanskar. Eg vil fortelja om Aslak i Notten som levde eit sparsamt og arbeidssamt liv på det vesle bruket. Folk kalla han «Aotlauk



Aslak har pynta seg og teke helg.
Foto: Privat

i Notten». På søndagen tok han på seg finkledda og sette seg frampå noltten der han såg kyrkja og høyrde kyrkjeklokkene. Der sat han og høyrde klokkene ringde til preik og ringde ut etterpå. Kva han tenkte i denne timen, visste berre han, men truleg fann han ro og meinig med eit slitsamt liv som påskjøna han med ein kviledag!

Kong Olav V, som vart det 20-århundres norske namn etter folkerøysting, sa ein gong at den timen i kyrkja var fin til «kontemplasjon» (ettertanke)! (Eg hadde røysta på han, og vonar eg får lov til å førehandsrøysta på Harald V når det gjeld det 21-hundreåret!)



Slik ser huset i Notten ut i dag. (Foto: red.)

Stillheit og ettertanke er meir nødvendig enn i noka tid før oss. Erling Kagge har skriva ei bok han kalla «Stillhet i støyens tid». På Sør-Polen var han overlaten til seg sjølv og eige selskap i 1992-93. Det gav trim, men ikkje minst tid til ettertanke. Men han skriv og i boka i 2016 om korleis ein kan laga seg rom for ettertanke, sjølv om ein er mellom mykje folk i ein by eller i eit støyande miljø. «Time out» heiter ein pause i handball. Då konsoliderer dei stillingen. Det er noko å tenkja på for oss alle! Aslak i Notten fann tid til ettertanke på knausen sin medan han høyrde kyrkjeklokkene, Kong Olav fann tid til ettertanke i kyrkja. Alt var slett ikkje betre før. Tida er like knapp i dag, ikkje på grunn av arbeidet, men fordi me har så mykje som avsporar frå ettertanke!

→

Finn deg eit rom for tanke og undring enten du går i kyrkja som Kong Olav V, på Sørpolen som Erling Kagge, eller opp i Notten der det no er både trapp og rydda veg, eller forlat alle kunstige lysa som hindrar deg i å sjå stjernene.

Biletet under har eg fått låna av utflytt ulviking Tryggve Dyrvik. «Dette er Heart and Soul - nebula høgt i vår sfære, litt i Perseus spiralarmen utanfor oss i vår galakse. Tåka er over 6000 lysår borte. Hjartetåka ser du til høgre. Emisjonståke - stjernefabrikk.», skriv han. Forstod du det? Universets storleik gjev grunn til undring for alle uansett ståstad, og me må seia med Ivar Aasen: « Sei, er der vel ein stad ein enda på? Kva er so utanfor enden då? Nei, vesle vitet det rekk ikkje til.....»



Kan du sjå «Vår Herres klinkekule», som Erik By syng om?

SØNDAGSSKULEN I ULVIK



Over: Linda med fire av borna i tunet på Bergo. (Foto: Privat)
Høgre: Nokre gonger har søndagsskulen vore i kyrkja.



Me vil gjerne presentera dei som har jobba med søndagsskulen og som vonar på å koma i gang att snart. Me har eit bilete av Linda Van Moere som me ikkje fekk plass til i sist nummer, så her kjem det! For dei som ikkje har søndagsskuleborn eller ikkje kjenner henne, så bur ho på Bergo. Der har dei hund, nokre sauer og seks born. Linda likar å vera i lag med endå fleire born. Frå 1. jan. 2021 er ho tilsett i 5% stilling. Me vonar å få presentert fleire hjelparar og meir aktivitet på sikt. Sjå og informasjon på søndagsskulen si heimeside.



PÅSKESAMLING MED BARNEHAGE

Av Manuela Bjotveit

Som kvart år vart barnehagen invitert til påskesamling i kyrkja. Barnehagen skulle koma kohortvis fordelt på tre dagar. Dessverre kunne berre to grupper koma på besøk før landet blei stengt meir ned att.

Me hadde ei koseleg samling. Samlinga vart bygd opp som minikyrkje, så det var kjent for borna kva som skulle skje. Borna kom til kyrkja og fekk leika på forskjellige stasjonar. Dei kunne velja mellom lego, treklossar, dokker, fargelegging og meir. Etter ei stund samla me oss i barnekroken. Der song me i lag, og eg fortalde påskeeveliet. Sjølv sagt måtte me avslutta med såpebobler. Det var ei koseleg stund med mange glade born og vaksne. Me gler oss allereie til julesamlingane.



Barnehagen på besøk i kyrkja.



SISTE ÅRET HAR FØRT TIL MANGE ENDRINGAR – OGSÅ I KYRKJENE VÅRE

Smittevernreglane har hatt store konsekvensar for aktiviteten i kyrkjene våre.

Mange gudstenester har vorte avlyste, og dei som har vortne haldne har hatt restriksjonar på talet som kan vera til stades. I gravferder har dette kanskje vore mest merkbart? Men situasjonen har og ført til nytenking og kreativitet omkring korleis ein kan ha kontakt med kyrkja i helg og høgtid. Det har vore eit godt og lærerikt samarbeid mellom dei to kyrkjene våre, og ikkje minst har tre prestar samarbeidd til beste for alle i kyrkjelydane.

Ny teknologi har gjeve høve til å strøyma gudstenester og andaktar. Johannes i Eidfjord som og har vikariert litt i Ulvik, var med å strøyma den fyrste gudstenesta i Ulvik. Kyrkjevevja vår i Ulvik, Wilma, lærte kjapt og strøymde ein andakt med Bengt Staffan Arvidsson litt etterpå. I tillegg laga Wilma ei flott heimeside til Ulvik kyrkje. Me veit at ikkje alle er på nett, og nokre av dei faste kyrkjegjengarane saknar dei tradisjonelle gudstenestene meir enn andre. Men det digitale tilbodet når nok ein del folk som elles ikkje går så ofte i kyrkja. For dei som ikkje er på internett, kan dette vera ein informasjon om dei nye tilboda. Kanskje nokon vert inspirert til å gå på nettet? Du kan framleis sjå desse der!



Andakt og song i Ulvik kyrkje ved Bengt Staffan og Ellen Marie Selland Geithung. Du kan høyra meir på tre av desse frå strøyminga på Sommarkonsert i Vangskyrkja 16. juni.



Manuela og Johannes strøymar ein andakt frå kyrkja i Eidfjord.



Ellen Marie Selland Geithung syng. (Ho er organist i kyrkjene på Vinje og Oppheim). Bengt Staffan, Edyta og Astrid Gjestvang som organist. Bak kameraet er kyrkjevevja i Ulvik, Willemina.



Johannes og Eidfjord støynde påskegudstenesta.

- Intervju med Magne H. Øydvin -

VASSFORSYNING I TANZANIA



Mannen i stripete skjorte er pumpemann. Det er mange kar som skal fyllast, men folk ventar tolmodige!

Røyrleggjar, Magne, har måtta trø til mange gonger for å vedlikehalda pumper! Dei innfødde har fått opplæring for å verta sjølvhjelpne.

Sidan me samla inn pengar til reint vatn i årets Fasteaksjon, treng me ikkje «gå over bekken etter vatn» når det gjeld å fortelja om korleis slike pengar vert nytta!



Alle foto: Private

I Ulvik har Magne H. Øydvin jobba som frivillig med å skaffa vatn til folk i Tanzania sidan 2005. I februar 2020 var han der, men seinare har det ikkje vore råd å reisa ned att på grunn av corona-restriksjonane. Han har vore der kvart år i 15 år. Arbeidsperiodane har vore frå 3. veker til 3. månader. Redaktøren fekk lov å koma på besøk til Magne og høyra hans opplevingar frå Tanzania. Det vart ein lang kveld!

Fyrst måtte eg få ei briefing om Tanzania. Landet vart sjølvstendig frå Storbritannia i 1961. Den fyrste presidenten heitte Julius Nyerere. Det er eit land utan dei stor innbyrdes stridane. Nyerere valde svahili som nasjonalspråk, ikkje engelsk som mange andre koloniar. Magne fortel ein kuriositet i Tanzania, som kanskje er ein tankevekkjar for oss. I familiar med mange born vert den yngste verande heime med foreldra og hjelper dei når dei vert gamle. Han arvar då heimen. Noko å tenkja på for odelsbønder i Noreg? Kilimanjaro er eit kjent fjell i Tanzania. Fjellet er 5.895 meter høgt, og Magne har vore der

tre gonger. Familienmedlemmer har vore både på toppen og elles i Tanzania. Det bur om lag 50. millionar menneske i landet. Men folk er relativt fattige, og vatn er ein stor mangel.

Magne har arbeidd på Haydom Lutheran Hospital. Sjukehuset dekkjer eit område for 450.000 menneske, og avstandane er store! Det hadde 50-årsjubileum i 2005 på Heidom hospital. I 2015 vart det halde 60-årsmarkering i Mandal. Festen vart halden i misjonssalen i Mandal. Grunnen var at det var misjonsgrupper på sørlandet, Stavanger og Kristiansand, som starta opp hospitalet i 1955. Ole Helgheim Olsen var hovudmannen bak dette arbeidet, fortel Magne og syner bilete av statua over Olsen. Av folk og institusjonar som har støtta arbeidet, nemner Magne: Verdsbanken, Norad og Dental sør, ein tannlegeinstitusjon som har gjeve utstyr. Etter ei tid med hjelp må alle slike prosjekt vera sjølvgåande. På sjukehuset har lækjarane kunnskapen, men manglar utstyret!



At det nyttar å hjelpa, viser dette biletet av Magne saman med ein flokk blide og friske born i Tanzania!



Smilande ungdommar! Kanskje du kjenner igjen Elisabeth, i midten? Dei andre to er Mari og Ivar – også familie. Smilet kjem truleg av tradisjonen dei har i Tanzania: Sjølv om vegen etter vatn har vore aldri så lang, så skal dei vaska hendene før dei går inn. Ingen dårleg tradisjon å ta til seg for oss i desse coronatider!

Invitasjon til 60 års jubileumfest for Haydom Lutheran Hospital



Søndag 18. oktober 2015 kl. 16.00 i Misjonssalen, Mandal

- Tale av regionleder i NLM Elvind Jåtun
- Sangkoret Da Capo
- Biskop Nicolaus Nsanganzele i området i Tbulu og konstituert sykehusedirektor for LHL Emanuel Nuwasi og andre fra Haydom deltar
- Tidligere direktør på sykehuset kommer
- Det blir anledning til å komme med korte hilsener
- Smørbrød og kakeservering
- Det blir tatt opp kollekt til prosjekter på Haydom Lutheran Hospital

VELKOMMEN TIL ALLE VENNER AV HAYDOM!

Arrangør: Stiftelsen Haydoms Venner og Misjonssalen i Mandal som er tilknyttet Norsk Luthersk Misjonssamband

Turke og vassmangel skaper problem. Nedbøren kjem i perioden frå juni til oktober. Då kjem der om lag 700. millimeter der sjukehuset ligg. Takvatnet vert samla opp i ein stor tank som tek 670.000 liter. Magne var med å skaffa varmt vatn til sjukehuset. Solceller syter for oppvarminga. No får sjukehuset drikkevatt gjennom røyr frå ei oppkome. Grensa for at vanlege folk skal sleppa å bera vatn, er 450. meter. Det var lengre før, så vassbering har vore ein stor jobb! For at folk skal få tak i vatn, er det sett opp handpumper, og køen ved pumpene kan vera stor. Magne fortel at det er fire stammer i Tanzania. Den mest kjende er kanskje massaiane. Men der er ei lita stamme på berre 2000 menneske. Ho heiter Hassabe. Det er folk som vil gjera denne til ein turistattraksjon. Noko som kan øydeleggja deira kultur. I denne stamma er det konene som bestemmer. Noko å merka seg i Noreg i 2021!

Eg avsluttar med å spørja kva Magne vil hugsa best frå alle desse åra. Då viser han meg eit bilete på telefonen. Det er av

masse senger og anna utstyr som står på sjukehuset sitt område. – Kvar dei er komme frå?

– Jau, det er utstyr frå den gamle sjuke-heimen i Ulvik. Desse har Magne fått tak i og sendt ned for ei tid sidan. No er utstyret kom fram, og alt er klart til bruk på Heidom Lutheran Hospital i Tanzania!

Magne ber meg skriva ei takk til alle som bidrog økonomisk og praktisk i arbeidet med alt utstyret.

Ein høyrer stundom om «eldsjeler», men etter å ha snakka med Magne, sit eg att med ei kjensle som meir må beskrivast som «full fyr»! I teksten over finn du kanskje namn og informasjon av interesse frå festprogrammet frå 2015. Ungdommane på biletet har nok med seg eit minne for livet og ei forståing av at verda er annleis enn for oss i Noreg! At det nyttar å hjelpa, viser biletet av Magne saman med ein flokk blide og friske born i Tanzania!

VIL DU STRIKKA HAUGE-SOKKEN?

Strikkeglade over heile Noreg vert no utfordra til å skapa Hauge-sokken i Haugeåret 2021. «Det kan løna seg å halda maska...» skriv sekretær Tone F. Nesheim ved Eidfjord kyrkje.



Har du nokon gong teke med deg strikketøyet når du skal gå ein tur? Strikka i fart er ein disiplin ikkje alle behersker. Du skal ha forholdsvis god konsentrasjon samtidig som du skal vera ein meister på multitasking, som det heiter så fint...

Lyst til å prøva? Du kan jo begynna med å strikka deg rundt huset. Når du mestrer det, kan du strikka i veg til butikken og heim att. Og når du riktig har fått taket på strikkinga, kan du bli med i ein konkurranse.

Det har seg nemleg slik at Bjørgvin bispedøme med fleire inviterer alle strikkeglade til å delta i strikkekonkurranse i samband med 250-års markeringa for Hans Nielsen Hauge. Og som vel dei fleste veit – han strikka seg rundt på reiser i Norge. Nå nemner rett nok ikkje reglane i konkurransen at sokkane skal strikkast medan du går, det var kun for moro i dette høvet. Hans Nielsen Hauge strikka mykje sokkar. Ein antar at det var fordi dei var lette å ta med, lette å strikka og eit heilt naudsynt klesplagg på turane.

«Vi ser etter sokkepar som speglar særpreget og identiteten til Hauge. Tradisjon og fornying er også to stikkord vi har med oss. Sokkane bør passa både vaksne og born» Dette seier juryleiaren, Hege-Therese Nilsen som er husflidskonsulent i Norges husflidslag.

Frist for innsending er 31. juli, så her er bare tida og veggen. Meir informasjon om konkurransen, og korleis ein sender inn finn du på www.haugesminde.no/haugestrikk.

For dei som ikkje er på nettet, tek me med litt av informasjonen og konkurransereglane her:

Det er godt kjent at Hans Nielsen Hauge strikka i fengsel og på reiser i Noreg. Juryleiaren Hege-Therese Nilsen frå Norges Husflidslag seier dette: – Vi vil la kreativiteten få fritt spelarom i denne konkurransen og samtid fremja forteljinga om Hans Nielsen Hauge. Han som er kjend både som grunder, samfunnsbyggjar og mykje anna. Det vil vi gjerne få fram i denne konkurransen. Vi ønskjer å få fram Hauge-sokken som eit symbol på arven etter Hans Nielsen Hauge og korleis han kombinerte «ande og hand».

Særpreget og identitet – tradisjon og fornying Vi ser etter sokkepar som speglar særpreget og identiteten til Hauge. Tradisjon og fornying er og to stikkord vi har med oss. Sokkane bør passa til både vaksne og born, seier ho, og legg til: – Vi ønskjer med dette å fremja handverk og tradisjonar i heile Noreg i denne svært spesielle tida. Vi gler oss veldig til å sjå kva strikkeglade i heile Noreg kan få til.

Arrangørane

Det er Norges Husflidslag saman med Bymuseet i Bergen, HimalPartner, Kystmuseet i Øygarden og Bjørgvin bispedøme og som har teke initiativ til den store design- og strikkekonkurransen, saman med Hillesvåg Ullvarefabrikk. Strikkekonkurransen er ein del av den nasjonale 250-års markeringa for Hans Nielsen Hauge sin fødsel.

Kåring av vinnarar, utstilling og eit godt føremål

Sokkane skal bli sende til Kystmuseet i Øygarden innan 31. juli i sommar. Ein jury av representantar frå arrangørane vil så kåra dei beste sokkepara under Hauge-dagane i Bergen 16. – 19. september 2021. Eit utval av sokkepara vil verta viste under Hauge-dagane og på Kystmuseet i Øygarden. Sokkane vil så



Hans Nielsen Hauge.

verta viste på ei vandreutstilling og strikke-opskriftene vil bli publiserte. Etter ei tid vil alle sokkane verta gjevne til eit godt føremål. Vinnaren får ein pengepremie i tillegg til heider og ære.

For meir informasjon om konkurransen, kontakt Norges Husflidslag ved Hege-Therese Nilsen, husflids-konsulent i Hordaland. E-post: hordaland@husflid.no. Mobil: 992 36 034.

Konkurranseregular

1. Alle kan delta.
2. Sokke-paret skal vera strikka i minimum 80% ull, helst garntypen «Fjell» frå Hillesvåg Ullvarefabrikk. Strikkefastheit 22/10. Garntypen «Fjell» består av 80% ull og 20% nylon, noko som gjer garnet slitesterkt og godt til bruk i sokkar.
3. Utforminga må vera ny for denne konkurransen og ei lettforståeleg oppskrift må fylgja med.
4. Innsende sokkepar vert anonymiserte og nummererte før overlevering til juryen.
5. Inntil tre vinnarar vert kåra. 1. – 3. premie får eit gåvekort frå Hillesvåg Ullvarefabrikk i premie (1. premie: gåvekort på kr. 3.000,-, 2. premie: gåvekort på kr. 2.000,-, 3. premie: gåvekort på kr. 1.000,-). Andre sokkepar som utmerkar seg, kan få heiderleg omtale.
6. Vinnarane vil bli gjort kjende under Hauge-dagane 16. – 19. september i Bergen.
7. Eit utval av sokkane vil utgjera ei utstilling som vil få sitt første stopp under Hauge-dagane.
8. Innsende sokkar vert ikkje returnerte, men gjevne til eit godt føremål peika ut av juryen.
9. Arrangørane vil bli eigar av alle sokkane (inkl. oppskrift) og har med dette einerett til sal og marknadsføring av premierte sokkar og sokkar som får heiderleg omtale.
10. Arrangøren vil laga strikkepakkar av vinnar-sokken for sal, i samarbeid med Hillesvåg ullvarefabrikk .
11. Frist for innlevering: 31. juli 2021.
12. Send ferdige sokke-par med oppskrift til: Kystmuseet i Øygarden ved Bjørg Christophersen, Museumsvegen 9, 5337 Rong. Merk sendinga: Hauge-sokken 2021. Juryen er sett saman av representantar frå arrangørane.

Litt om personen Hans Nielsen Hauge

Hans Nielsen Hauge, vekkingsleiar og lekforkynnar, skapte den første norske religiøse vekkingsrørsla og vart med det ein av grunnleggjarane av den lekmannskristendomen som har prega kristne miljø i Noreg like til i dag.

Hans Nielsen Hauge var fødd i Rolvsøy i Tune (Østfold) 3. april 1771 og døydd i Aker (no Oslo) 29. mars 1824. Han voks opp i ein kristen bondeheim. Reiste rundt i landet og forkynte 1796-1804. Hauge-rørsla var òg eit slags forretningsnettverk. Hauge kom tidleg i konflikt med prestar og andre embetsmenn, fordi forkynnarverksemda hans var i strid med Konventikkelplakaten av 1741, som sette forbod mot religiøse møte utanfor prestane sin kontroll. Heilt frå starten var det kvinnelege forkynnarar med i Hauge-vekkinga. Hauge la vekt på dei religiøse føresetnadene, ikkje på kjønn, når det galdt spørsmålet om kven som kunne forkynta. I fleire av skriftene sine gav han eintydig støtte til kvinnelege forkynnarar. Han peika òg ut kvinner til å vera blant leiarane i rørsla. Hauge var stadig i konflikt med styresmaktene og blei fleire gonger fengsla for kortare tid. Frå slutten av oktober 1804 sat han i varetekt under harde vilkår. Først i 1809 vart tiltalen utforma. Han vart skulda for brot mot konventikkelplakaten, kritikk av prestar og embetsmenn og for å føra ungdomen vill.

Mest alvorleg var likevel tiltalepunktet om at han var i ferd med å byggja opp eit organisatorisk fellesskap som kunne utfordra den statlege organisasjon, ein «stat i staten». Han vart òg skulda for å ha disponert ei «heilag kasse» av pengane til venene, som han hadde gjort seg rik på. Hauge slapp ut av fengselet i 1811. Domen i saka mot han fall først i desember 1813 og lydde på festningsarbeid i to år. Men retten avviste tiltalepunktet om at han var i ferd med å byggja opp eit borgarsamfunn i staten. Det vart ikkje prova at han hadde disponert venene sine pengemidlar eller svindla folk. Hauge anka til overkriminalretten, og ny dom fall før jul i 1814. Då vart straffa sett til ei bot på til saman 2000 riksbankdalar i sølv – ein rimeleg høg sum ut frå pengeverdien den gongen. Alt i februar 1815 var bota gjord opp. I 1820 blei Hauge tilkjend erstatning frå staten på 2614 spesidalar, på grunn av inntektstap og tap av formue. Då Hauge slapp ut av fengselet, slo han seg ned på garden Bakke utanfor Kristiania. I 1817 kjøpte han garden Bredtvedt. Her budde han til han døydd i 1824. Etter fengselsopphaldet møtte han ei langt meir forsonleg halding frå eliten i det norske samfunnet. Fengselsopphaldet hadde fare hardt med helsa hans. Han heldt framleis kontakt med dei haugianske venene gjennom brevveksling, men reiste ikkje lenger ikring.



JESUS GÅR PÅ VATNET

av Manuela Bjotveit

Er du einig med meg og Erwin? Det hadde vore kjempekult å kunna gå på vatnet. Men dessverre kan me menneske ikkje det. For mange, mange år sidan levde det eit menneske som faktisk kunne gå på vatnet. Og det var Jesus. Eg skal fortelja deg denne historia. Det er ei av mange forteljingar om Jesus som du finn i barnebibelen din.

Ein dag skulle Jesus og læresveinane hans over til andre sida av sjøen. Jesus sa til venene sine: «Dra før meg. Eg skal vera litt lenger og be. Så kjem eg med neste båt.»



Så gjekk Jesus på eit fjell for å be. Men å nei. Det kom dårleg vær. Himmelen blei mørk. Det blåste opp til

storm. Jesus kunne sjå at læresveinane i båten fekk problem. Båten blei kasta frå side til side. Venene til Jesus var skikkeleg redde. Plutseleg såg dei at nokon kom gåande mot dei på vatnet. «Hjelp! Eit spøkelse!» ropte dei. Jesus såg at læresveinane var redde. Han ropte: «Det er meg. Ikkje ver redde!» Men venene til Jesus trudde ikkje heilt det dei såg og høyrde. «Viss det verkeleg er deg, Herre, så la meg gå ut til deg,» sa Peter. Jesus svara: «Kom!»



Peter gjekk ut av båten. Å tenk deg. Han kunne verkeleg gå på vatnet. Peter gjekk mot Jesus. Plutseleg såg Peter alle bølgiene og vinden. Han blei skikkelg redd. Då byrja han å søkkja. «Hjelp! Jesus, redd meg!» ropte Peter. Jesus rekte ut handa og drog Peter opp. «Kvifor stolte du ikkje på meg?» spurte Jesus Peter. Peter og Jesus klatra opp i båten. Då la stormen seg. Læresveinane kunne ikkje heilt tru det dei nettopp hadde opplevd. «Jesus er verkeleg Guds Son når han til å med kan gå på vatnet!» sa dei.

Er det ikkje kult? Det er ei skikkeleg superheltforteljing. Og eg elsker superheltar. Då er det ekstra kult at Jesus er min venn.

Har du lyst å sjå forteljinga som film?

Link til filmen: <https://youtu.be/qgMz-pcR3iQ>


Skann inn QR-Coden så kjem du til filmen.



Finn fram fargeblyantar



Her trengst det gode auge.
Finn du 12 ulikskapar?



VISSTE DU...

... at det finnst dyr som kan gå på vatn. Eit døme er vannløparar. Det er små insekt som lever på vassoverflata. Dei finnst òg mange plassar i Noreg. Dei liknar litt på mygg. Vannløparar er rovdyr. Dei spring på vatn og jaktar andre mindre dyr.

LØVER, FILM OG LASAGNE

Av Manuela Bjotveit

Konfirmantane og me i staben hadde gleda oss til å prøva noko nytt og ha konfirmantleir på Halne. Slik gjekk det dessverre ikkje. Vêret var ikkje på vår side. Det bles opp til storm og vegen vart stengd. Eit alternativt program måtte til. I full fart sydde me saman ein aktivitetsdag til konfirmantane i kyrkja. Laurdagen kl. 10 samla alle seg i kyrkja. Det byrja med konfirmanttime. Deretter utfordra me konfirmantane litt. Me laga ein musikkvideo. Har du ikkje sett den ennå? Du finn den på Youtube-sida til Eidfjord kyrkja. Korleis er det eigentleg på loftet i gamle kyrkja? Ville du overnatta her åleine? Det var nokre av spørsmål som dukka opp når me utforska gamlekyrkja. Kino vart det etterpå. Me såg filmen «Legenden om Narnia – løven, hekse og klesskapet». Gudstenesteverkstad måtte sjølvstekt og vera del av dagen.

Men høgdepunktet kom nok til slutt med bordtennis og lasagne på Fjell og fjord hotell. Takk til hotellet for at me kunne koma på kort varsel.

Merknad: Det er ikkje så lett å ta bilete av sju aktive ungdommar. Men her er nokre glimt frå konfirmantsamlinga.





KVA ER EIGENTLEG DEN STØRSTE SKATTEN PÅ JORDA?

Av Manuela Bjotveit

Kven har skapt alle blomane? Kven har skapt alle fuglane? Kva er egentleg den største skatten Gud har skapt?

Det var nokre av spørsmåla me prøvde å finna svar på i minikyrkje som var torsdag 29. april. 17 barnehagebarn følgde invitasjonen og kom. Mange hadde med seg mamma eller pappa, nokre til og med søsken. Til saman kunne 35 stykke samla seg denne dagen. For å overhalde smittevern-reglane flytta me samlinga ut. Då var det godt at me har ein så stor hage. Vêret var fantastisk. Perfekt til grilling og mykje gøye



Rolf Trustein gøymde leikedyr og skattekiste.



Born frå Eidfjord i full konsentrasjon.

aktivitetar ute. For å nemna nokon: kasta ball, huska, måla osv. Etter ei stund var det samlings-stund med song og dans og forteljinga om «Når Gud skapte verda».

Rolf Trustein synest alltid det er kjekt når han kan gøyma ting. Så han gøymde 20 leikedyr og ei skattekiste. I skattekista hadde han den største skatten Gud har skapt. Kva kan det vera? Barna var einige om at det må jo vera godteri. Dei hadde nok nesten rett, fordi godteri var det òg i kista, men det var òg ein spegl. Kvifor det? Jau, fordi den største skatten Gud har skapt, er kvart menneske. Akkurat du er Gud sin største skatt.

Det vart så fullt i tilhengaren at «han far sjølv» måtte oppi å trakka. Gamle kunnskarar frå turrhøyinga i barndommen kom vel med!

DUGNAD PÅ KYRKJEGARDEN I ULVIK

Den årlege ryddedugnaden på kyrkjegarden i Ulvik vart gjennomført 4. mai. Kyrkjeverje og soknerådet står som ansvarlege, og tilsaman ni personar tok del. Sidan det er såpass mange tre, så vert det både lauv og greiner å rydda bort. Litt klypping må og gjerast. Smittevernreglar må haldast både i arbeidet, i kaffipausen og når stemningsbiletet skal takast.

Når du tel på biletet, kjem du berre til sju personar. Det skuldast ikkje dei dårlege reknekunnskapane til redaktøren. Han tok biletet, og Venke Langballe kunne ikkje vera med om kvelden, men tok ei økt tidlegare på dagen! Ho sytte og for tilhengar til alt me raka ihop! Det er ei passeleg utfordring for lesarane, særleg i Eidfjord, å dentifisera personane. Redaksjonen hjelper dersom nokon misser nattesøvnen av grubling!





Ikke alle barn gleder seg til ferien

Gi en trygg ferieopplevelse til familier som har det vanskelig

SMS BK FERIER til **13130** (200 kr),
VIPPS en gave til **13130** eller
gi på konto **3201 52 74165**



BLÅ KORS HJELPER BORN OG UNGE I FAMILIAR DER NOKON SLIT MED RUS

I høgtider, feriar og særleg i desse coronatider når alle er meir heime, kan det oppstå problem mellom folk i ein heim. Vaksne kan ha rusproblem som gjerne vert forsterka i overnemnde situasjonar.

For dei fleste born er ferie og høgtider noko dei ser fram til, men faktisk er det altfor mange som kvier seg til slike tider!

Blå Kors vart stifta 2. mars 1906 av prest og bymisjonær Ole Theodor Moe. Blå Kors arbeider med førebyggjande tiltak, spesielt retta mot barn og unge, samt behandling og oppfølging etter behandling. Blå Kors eig og driv

54 verksemder fordelt over store delar av landet. Det drivest behandlingsinstitusjonar, poliklinisk verksemd, arbeid for barn og unge, videregående skuler, arbeidstrening, gatenære tiltak, bustadsenter, lokale stiftingar og foreiningar med meir. Organisasjonen har rundt 1 300 tilsette, 1 500 aktive frivillige tidgjevarar og 2 400 medlemmer.

Kyrkjebladet fekk tilsendt annonsa over og har fått spørsmål frå Blå kors om å gje litt opplysningar om arbeidet dei driv for å hjelpa born som har det vanskeleg på grunn av rus i heimen.

Kanskje nokon har lyst til å støtta dei? Det kjem vel med. Uansett så er det viktig å bry seg når ein opplever eller veit om, at born treng støtte. Det hjelper gjerne berre å ha nokon som veit og som forstår!

RESULTATET AV FASTEAKSJONEN I EIDFJORD OG ULVIK

Reint vatn var overskrifta på Fasteaksjonen 2021. Aksjonen vart gjennomført på same måten som i fjor, utan konfirmantar som gjekk på dørene. Det var mogeleg å både vippsa, betala til konto og på heimesidene til kyrkjene.

Dette er det svakaste innsamlingsåret me har hatt i bygdene våre. Årsaka kan vera samansett, men fyrst og fremst viser det kor viktig konfirmantane sin innsats har vore! Me vonar på at tida då konfirmantane kan gå omkring med bøssene, snart er tilbake!



GLIMT FRÅ ÅRSMELDINGA EIDFJORD SOKN

Sokneråd/fellesråd hadde 5 møte i 2020 og handsama 14 fellesrådsaker og 13 soknerådssaker. Me kan nemna ulike oppgåver soknerådet har arbeidd med dette året:

- Nytt kyrkjeblad. Bladet du held i hendene, samarbeidsprosjektet mellom Ulvik og Eidfjord vart gjeve ut første gong i 2020. Dette er eit samarbeid me set stor pris på, og som me håpar vil fortsetja i mange år framover.
- Nye puter i kyrkjebenkane. Putene kom på plass i haust. I førekant var benkane pussa ned og vaska.
- Oppgradering av parkeringsplass. Ny asfalt er lagd, blomebed er blitt reinska opp i, og nye blommar er planta. Masse laukar som skal bløma no i vår og sommar.
- Reparasjon av tak på gamlekyrkja. Håkon Kvestad hadde ei stø hand på dette arbeidet.
- Gullkonfirmantjubileum. Dette skulle vore i september 2020 og var for dei som vart konfirmerte i 1964 og 1965. Dette måtte me utsetja på grunn av koronasituasjonen. Jubileet er utsett til hausten 2021.

Innsamla gåver:

- Kyrkjelydsarbeidet kr 27.830,-
- Andre føremål kr 15.077,-

Christian og Manuela laga sommaren 2020 ein fin kvileplass på Modnen kyrkjegard. Alt som skulle til, var ein gammal tømmerstokk, litt planter, eit par benkar og ein plaktat med ein QRkode. Ved hjelp av koden får du fram fleire fine songar på telefonen din. Gjev deg sjølv tid til ro og minne når du er innom kyrkjegardane våre.

Rolf Trustein har, med god hjelp av Manuela, vore rundt på besøk til fleire born i bygda. Mange har også fått ei lita helsing i posten frå oss i kyrkja.

Tilbodet «Pusterom» har me hatt gjennom heile året. «Pusterom» eller open kyrkje er for deg som har lyst til å koma til kyrkja og berre nyta roen og dine egne tankar og kjensler. Her er ingen opplegg anna enn litt orgelmusikk innimellom.

Digitale gudstenester, minikyrkje og andre arrangement har vorte og vert kringkasta på vår Facebookside, heimesida vår og YouTubekontoen vår. Følg med! Meir kjem!

Me gler oss til me er tilbake i normal drift att, og kan ønskja alle hjarteleg velkomne til Eidfjord kyrkje til arrangement for små og store, unge og gamle.

Du kan lese heile årsmeldinga på nettsida til Eidfjord kyrkje.

HEIMESIDA TIL ULVIK KYRKJE

Går du inn på linken under vil kyrkjeverja i Ulvik, Willemina, halda deg oppdatert heile tida!
<https://www.kirken.no/ulvik>



Me måtte spørja Willemina korleis ho har hatt det, og korleis det var å koma så fort og «på hovudet» inn i den digitale kyrkje helge- og kvardagen? På der svara ho:

– Koronatida har ført til at me ikkje lenger kan gjera det som var «normalt» i 2019. Til å begynne med syntest eg det var litt greitt, fordi eg stressa alltid med å få veka mi til å gå rundt, og endelig fekk eg tid til å rydda skap og loft, slik dei fleiste kanskje vel gjorde i fjor vår. Etter at den bestilte utanlandsferien blei avlyst, kom den glimrande ideen å bruka pengar

på ein ny terrasse, sjølvbygd, sjølvsgt. (Sjansen er stor at me skal nytta oss mykje av terrassen denne sommaren og). Så kom hausten og vinteren, og alle dei nye ned-stengingane, men og den glade meldinga at vårt fyrste barnebarn er på veg! Eg begynte å strikka og strikka, til eg synste at det var nok, kor mykje sokkar og plagg treng ein ny verdensborgar eigentleg? Då blei eg litt rastlaus om kveldane, kva skulle eg gjera no? Eg må tilstå at eg har brukt ein del «heimkontorkveldar» med å puzzle meg gjennom den fantastiske verda av nettstader. Før me flytta til Noreg, hadde eg bygt ei webside til mannen min sitt flisfirma, men det var for 16 år sidan! Mykje har forandra seg sidan, mykje interessant og mykje å setja seg inn i. Så kom Ulvik kyrkja si heimeside rask på lufta, men ikkje utan god hjelp frå redaktøren vår, det er han som er meister i nynorsken! – For dei som lurar på kva eg held på no på kveldstida, så kan eg fortelja at det ligg ein ferdig utarbeidd reiseplan, tur - retur Nordkapp, og for tida er det hagearbeid som aldri tek slutt!

ÅRSMELDING 2020

ULVIK SOKNERÅD

Sokneråd/fellesråd hadde 5 møte i 2020 og handsama 47 fellesrådsaker og 38 soknerådssaker. Me kan nemna ulike oppgåver soknerådet har arbeidd med dette året:

- Nytt kyrkjeblad: Det nye felles kyrkjebladet for Ulvik og Eidfjord, «Brubyggjaren», har blitt ein suksess; det er ei glede å samarbeida med Eidfjord sokn.
- Per 31. januar 2020 slutta Torgeir Kinne Solsvik som organist. Daniel Hydle tok over som vikar til Edyta Bryk blei tilsett som ny fast organist i juni.
- Ei gruppe med frivillige begynte i februar med søndagsskulen igjen, og klarte å gjennomføra ein del samlingar, så fort det kom litt pusterom mellom restriksjonane.
- Drenering sakristiet: Grunnmuren av kyrkje har blitt skikkeleg isolert. Det er viktig for den framtidige tilstanden til kyrkja.
- Fjerning av stubbar på Brakanes gravplass + finplanering og ny planting av buskar.
- Utsifting av naudlyset i kyrkja.
- Barnekrok i kyrkja, med støtte av OVF midlar.
- Brannslange i våpenhuset, omplassering.
- Digitalt gravkart Rossvoll gravplass.
- Kjøkkenbenkløysing i sakristiet.
- Termografisk inspeksjon + fornying av gamle stikkontaktar og leidningar, nyanlegg av leidningar og stikkontakt for piano, preikestolen og bildeskjerm i kyrkje.

- Installasjon av Damp chaser i pianoet, som held pianoet i god «stemming», uansett temperatur i kyrkja.
- I løpet av dette vanskelege året, blei det gjennomført T4 og T10 samling, samt krølletreff og jolevandring.
- Konfirmasjonen vart utsett, men kunne heldigvis, innanfor dei gjeldande restriksjonsreglane, gjennomførast i september.
- Kjøp av nye dåpsklutar via NMS, som sikrar kvinner i Madagaskar ein trygg arbeidsplass og mulegheit til å forsørge familien sin. Samtidig er det hyggeleg å gje dåpsklutar og tilhøyrande kort som dåpsgåve til dåpsfamilien.
- Innkjøp av apparatur til strøyming.

Takkeoffer i kyrkja dette året:

Til andre er det kome inn kr 4.751,-

Til eige arbeid er det kome inn kr 8.100,-

Fasteaksjonen 09.04.2019

Ved Fasteaksjonen til inntekt for Kirkens Nødhjelp kom det inn kr 10.955,-.

Me gler oss til me er tilbake i normal drift att, og kan ønskja alle hjarteleg velkomne til Ulvik kyrkje.

Du kan lese heile årsmeldinga på nettsida www.kirken.no/ulvik.

SPLEISELAG AV ANNONSØRAR OG LESARAR TRYGGJER VIDARE DRIFT AV BRUBYGGJAREN

I 2020 starta det nye samarbeidet mellom Ulvik og Eidfjord om bladet Brubyggjaren. Det har vore kjekt å bli betre kjend med naboane gjennom bladet. Føresetninga for utgjeving av Brubyggjaren er at bladet må finanisera seg sjølv. Me har trufaste annonsørar som støttar bladet. I tillegg er lesarane med og spleiser på kostnadene. Her har folk trødd til, og heilt på tampen av året kom me akkurat i mål. Me startar 2021 med godt mot og med ein buffer på kr 4 300. Kvar einaste gjevar betyr noko, og me vil nytta høvet til å rette ein hjarteleg takk til alle som har engasjert seg. Med dykkar hjelp kan Brubyggjaren segla vidare, og me satsar på fire utgjevingar også i 2021.

Irene Vivali, rekneskapsfører

Som dagane går...

Døypete

Døypete i Eidfjord

Atle Riber

Andreas Le Hellevang

Gravlagde

Gravlagde i Ulvik

Bjørn Terje Børsheim f. 1945

Torstein Ljone f. 1965

Kjell Jermund Røkenes f. 1941

Gravlagde i Eidfjord

Kåre Engseth f. 1937



Er du **SVOLTEN, TØRST** eller **TRØTT**
Vi er på jobb nesten hver dag hele året.

Catering | Kafe & Kremmeri
A la carte | Lukka lag | Seng å sove i



Hos oss skal det være Sutalaust & Kjekt
www.eidfjordhotel.no · Tlf: 53 66 52 64

Dåpskjole til leige!

Pris: 300,-
Kontakt: Ulvik Bygdekvinne lag
v/ Åsa Gunnarsdottir, tlf.: 952 62 096



ULVIK 
 **VVS**
Tlf. 913 77 113 E-post: rolf@ulvikvvs.no

GRAVFERDSTENESTER

inst i Hardanger

Handel & Handverk - Wollert Nordabl - 5730 Ulvik

Me hjelper gjerne til med det som pårørende ynskjer
hjelp til etter eit dødsfall, slik som

- transport av båre (også henting på sjukehus)
- lysingar, gravferdssongar,
- og andre praktiske ting med papir og seremoniar.

Eg er å treffa til nesten alle døgnets tider
på tlf. 56 52 64 47
mob. 952 10554 / 952 13375
priv. 56 52 62 03

BLOMABUTIKKEN

5730 Ulvik - Tlf. 56 52 65 00

Me tek i mot tingingar
av blomahelsingar til alle høve,
i glede og i sorg.

I samband med dødsfall
kan me levera
blomahelsingar til dei pårørende,

keransar
båredekorasjonar
bårebukettar.

Me tek også på oss pynting av kyrkja.

Me tek gjerne på oss
pynting og stell av graver.

GRAVMINNE

Me leverer og monterer gravminne
i samarbeid med

EIKNER 
NATURSTEIN AS
(også oppussing av eksisterande steinar)

Ta kontakt med

Wollert Nordabl - Ulvik - tlf. 56 52 64 47
Smith - Granvin - tlf. 952 10 554

MURMESTER
Nils Gunnar
ØYDVIN AS
Mob. 971 85 452 – www.ulvikbygg.no



FJORDTIND
HOTELS

Velkomen til oss på Brakanes Hotel i Ulvik
og Quality Hotel Vøringfoss i Eidfjord

Hjå oss kan de feira dei store dagane i livet, koma saman i trivlege lokale
og få servert både tradisjonsrike og spanande matopplevingar.

Brakanes Hotel: 56 52 61 05 // brakanes@fjordtindhoteles.no
Quality Hotel Vøringfoss: 53 67 41 00 // q.voringfoss@choice.no

joker
– helt i nærheten

BUTIKK1 AS
5730 Ulvik
Tlf. 56 52 65 47

Velkommen til en
hyggelig handel

Me ordnar alt vedrørende dødsfall

Sal og service av gravmonument – Formidling av blomar

Vinsands VİRKE
GRAVFERDSBYRÅ GRAVFERD

Døgnvakt telefon 56 51 11 94/905 50915

Maskinentreprenør
Arne Osa

5730 ULVIK

TLF. 56 52 64 82
MOB. 91 10 18 95



ULVIK BENSIN & SERVICE
TRANSPORT

5730 ULVIK

Tlf.: 56 52 63 89
Mob. 907 54 533

**Det finst mange
små og store draumar
på Vestlandet**

No lanserer vi **kundeutbytte**, så
endå fleire draumar kan bli verkelege

Sparebanken Vest er ikkje som andre bankar, hos
oss er kundane den største eigaren. Alle kundar
med lån eller innskot får delen sin av overskotet,
direkte utbetalt til seg og sine.

Les meir på spv.no/kundeutbytte

 SparebankenVest



Gudstenesteliste

ULVIK

Dato	Kl	Dag	Stad	Informasjon
13.06.2021	11.00	Sundag	Ulvik kyrkje	Gudsteneste
11.07.2021	11.00	Sundag	Ulvik kyrkje	Gudsteneste
08.08.2021	11.00	Sundag	Ulvik kyrkje	Gudsteneste
27.08.2021	18.00	Fredag	Ulvik kyrkje	Samtalegudsteneste
29.08.2021	11.00	Sundag	Ulvik kyrkje	Presentasjonsgudsteneste
12.09.2021	11.00	Sundag	Ulvik kyrkje	Konfirmasjonsgudsteneste
03.10.2021	11.00	Sundag	Ulvik kyrkje	Gudsteneste
10.10.2021	14.00	Sundag	Ulvik kyrkje	Gudsteneste
24.10.2021	11.00	Sundag	Ulvik kyrkje	Gudsteneste

EIDFJORD

Dato	Kl	Dag	Stad	Informasjon
13.06.2021	11.00	Sundag	Eidfjord kyrkje	Gudsteneste
27.06.2021	11.00	Sundag	Eidfjord kyrkje	Gudsteneste
25.07.2021	11.00	Sundag	Eidfjord gamle kyrkje	Jakobsmesse
22.08.2021	11.00	Sundag	Natursenteret	Gudsteneste
02.09.2021	18.00	Torsdag	Eidfjord kyrkje	Samtalegudsteneste
05.09.2021	11.00	Sundag	Eidfjord kyrkje	Konfirmasjon
19.09.2021	11.00	Sundag	Eidfjord kyrkje	Gudsteneste
03.10.2021	11.00	Sundag	Eidfjord kyrkje	Hausttakkefest
31.10.2021	11.00	Sundag	Eidfjord kyrkje	Gudsteneste

Det kan koma endringar i oppsett gudstenesteliste
og i smittevernsreglar.

Du kan bruka Vipps ved ofringa i kyrkjene og gåver.
Vipps Ulvik kyrkje: 125390
Vipps Eidfjord kyrkje: 127865

KONFIRMANTAR 2021

Ulvik Kyrkje 12. september

Elias Vestrheim-Nordnes
Victoria Opheim
Ida Helen Stenseth Håheim
Tobias Halstengård
Hannah Tveit
Lars Sander Børsheim Jordal
Adrian Børsheim Rostrup
Thea Bergo Nielsen

Eidfjord kyrkje 5. september

Sander Viveli
Joakim Pedersen
Kristine Tveit
Vilde Stavaness
Maren Viveli
Jan Inge Bu
Tobias Andersen

KONFIRMASJON I TIDLEGARE TIDER

Det var Kristian 6. som fastsette at konfirmasjonen skulle innførast. Etter 1736 plikta alle å konfirmere seg. Var du ikkje konfirmert var du ikkje myndig. Gutane kunne ikkje verta soldatar. Ukonfirmerte kunne ikkje vitna i rettssaker, gifta seg eller gjera avtalar om arbeids- og bygslingskontraktar. Bestod du ikkje overhøyringa måtte du stå for presten igjen året etter. Stundom kunne 40-åringar stå for presten saman med 15 åringar.